

ABO PLAN & ARKITEKTUR AS
Postboks 291
5203 OS

Dato	26.04.2024
Vår referanse	2024/14999-8
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Heidi Handeland
E-post	Heidi.Handeland@vlfk.no
Telefon	48189525

Kulturminnefagleg uttale etter synfaring - oppstart detaljregulering - Røysaneset industribase - gnr. 202 bnr. 140 m.fl. - Høylandsbygd - Kvinnherad kommune

Vi viser til fylkeskommunen si fråsegn til oppstart av reguleringsplan i brev datert 22.04.2024. I brevet vart det opplyst at seksjon for kulturarv vurderte det naudsynt å gjere ei synfaring for å vurdere behov for arkeologisk registrering for å oppfylle undersøkingsplikt jf. kulturminnelova §9.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune har utført synfaring i planområdet. Vi har i dag ikkje opplysningar i arkiva våre om automatisk freda kulturminne innanfor det varsla arealet. Området har likevel potensial for denne typen kulturminne. Dyrka mark i planområdet har potensial for funn av åkrar og gardstun med hus frå stein-, bronse-, jarn- og mellomalder. I utmark kan det vere potensial for gravrøyser med vidare. Kulturminne gjev viktig informasjon om busetnad og ressursutnytting lenge før det finst skriftlege opplysningar.

Det er forbod mot inngrep i automatisk freda kulturminne med mindre det er gjeve løyve til det, jf. lov om kulturminne §§ 4 og 3.

Vestland fylkeskommune finn det naudsynt med ei registrering for å avklare om tiltak i planen vil råke automatisk freda kulturminne, jf. § 9 i lov om kulturminne. Nærare opplysningar og kostnadsoverslag for registreringa vert sendt i eige brev

Vi viser elles til brev datert 22.04.2024 for merknader til planprogram og omsyn til gravfeltet aust for planområdet.

Vi gjer merksam på at planen ikkje kan vedtakast i kommunen før fylkeskommunen har gjeve endeleg fråsegn til planen etter den varsla registreringa.

Med helsing

Karoline Hareide Breivik
leiar
KFO - Arealplan

Heidi Handeland
seniorrådgjevar
KFO - Arealplan

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift